



Innkalling
av
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 01.09.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 18.00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
041/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/20	Godkjenning av møteprotokoll – 09.06.2020
043/20	Tilstandsrapport skulane i Alver 2019-2020
044/20	Forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune
045/20	Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til vedtak om offentleg høyring og ettersyn planprogram
046/20	HØYRING - Prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune
047/20	Driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom sitt verksemd/aktivitet har ekstraordinær kommunallocal/regional verdi
048/20	Rullering Anleggsstrategi for Alver 2020-2024
049/20	Årsmelding Alver Ungdomsråd 2019-2020
050/20	Meldingar og orienteringar til OKK - 01.09.2020

25. august 2020

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 25.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
041/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato:

03.08.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
042/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

09.06.2020

Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur -
09.06.2020

1403275



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 09.06.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 15.40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Svein Hagesæter	FNB	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Hege Nygård Dale	FNB	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marie Morken	SV	Andre Fresvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bente Kopperdal Hervik-rådgjevar Kultur, Eileen Feste-rådgjevar Kultur, Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
020/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/20	Godkjenning av møteprotokoll
022/20	Særleg farleg skuleveg Meland
023/20	Forskotering av tilskot for 2022
024/20	Faste tilskot kultur
025/20	Tilskot til kunst, scene og kulturformidling
026/20	Tilskot mindre investeringar kulturbygg og anlegg i privat eige
027/20	Tilskot til musikk
028/20	Prosjekt- og aktivitetstilskot - kulturvern og lokal, immateriell kultur 2020
029/20	Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanelegg i privat eige 2020
030/20	Tilskot til andre lag
031/20	Kulturstipend
032/20	Kultur - driftstilskot – idrettslag og friluftslivsorganisasjonar 2020
033/20	Kultur - prosjekt- og aktivitetstilskot 2020 – Idrett og friluftsliv
034/20	Idrettsstipend Alver 2020
035/20	Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd
036/20	Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd
037/20	Tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2020
038/20	Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring
039/20	Meldingar og orienteringar til OKK - 08.06.2020
040/20	Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

020/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

IMerknad: Varamedlem Marie Morken-SV sa seg ugild i sak 26, 28 og 30/20 grunna verv som styremedlem i Meland mållag, jf. Forvalt.l. § 6.e. Utvalet vurderte henne samrøystes som ugild, og ho deltok difor ikkje under handsaming av desse sakene.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 020/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

021/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 28.04.2020 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 021/20 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 28.04.2020 er godkjent.

022/20: Særleg farleg skuleveg Meland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Analyserapporten om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – Meland, blir lagt til grunn for vidare sakshandsaming av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Ungdomsråd 02.06.2020:

Behandling:

Orientering i saka v/Leif B. Hopland.

Ungdomsrådet meiner det er bra at kommunen har ein slik rapport, og støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

UR- 021/20 Vedtak:

UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 022/20 Vedtak:

Analyserapporten om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – Meland, blir lagt til grunn for vidare sakshandsaming av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

023/20: Forskotering av tilskot for 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune forskoterer tilskot for 2022 til dei private barnehagane med kr. 2.900.000. Det forskoterte tilskotet blir betalt ut i 2020, og trekt i frå ved berekning av tilskot for 2022.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 023/20 Vedtak:

Alver kommune forskoterer tilskot for 2022 til dei private barnehagane med kr. 2.900.000. Det forskoterte tilskotet blir betalt ut i 2020, og trekt i frå ved berekning av tilskot for 2022.

024/20: Faste tilskot kultur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sak om kommunal driftstilskot til lag/foreiningar i Alver kommune, vert lagt ut til offentlig høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 024/20 Vedtak:

Sak om kommunal driftstilskot til lag/foreiningar i Alver kommune, vert lagt ut til offentlig høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

025/20: Tilskot til kunst, scene og kulturformidling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 025/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

026/20: Tilskot mindre investeringar kulturbygg og anlegg i privat eige

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Varamedlem Marie Morken-SV var ugild jf. forvl.l. § 6.e, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 026/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

027/20: Tilskot til musikk

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det går fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Revidert framlegg frå rådmannen:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmannen si innstilling slik det går fram av saka, med tillegg om at Skodvin skulemusikklag vert tildelt kr 30.000 til prosjektet Øyeblikket frå sak 31/2020.

Rådmannen sitt reviderte framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 027/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmannen si innstilling slik det går fram av saka, med tillegg om at Skodvin skulemusikklag vert tildelt kr 30.000 til prosjektet Øyeblikket frå sak 31/2020.

028/20: Prosjekt- og aktivitetstilskot - kulturvern og lokal, immateriell kultur 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling prosjekt- og aktivitetstilskot – kulturvern og lokal, immateriell kultur 2020 slik det ligg føre i saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Varamedlem Marie Morken-SV var ugild jf. forvl.I. § 6.e, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmanen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 028/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling prosjekt- og aktivitetstilskot – kulturvern og lokal, immateriell kultur 2020 slik det ligg føre i saka

029/20: Tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige 2020 slik det ligg føre i saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmanen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 029/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til nærmiljø- og friluftslivsanlegg i privat eige 2020 slik det ligg føre i saka

030/20: Tilskot til andre lag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Varamedlem Marie Morken-SV var ugild jf. forvl.I. § 6.e, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 030/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur sluttar seg til rådmann sin innstilling slik det fram av saka.

031/20: Kulturstipend

Rådmannen sitt framlegg til vedtak;

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur delar ut årets kulturstipend til følgjande aktørar;

- Skodvin skulemusikk – «Øyeblikket» kr 30.000
- Linda Røyseth Sandhåland – Folkemusikk i skulen kr 30.000
- Christer Steffensen – filmprosjekt kr 30.000

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Revidert framlegg frå rådmannen:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur delar ut årets kulturstipend til følgjande aktørar: Tormod Haugland – forfattarstipend, kr 30.000, Linda Røyseth Sandhåland – Folkemusikk i skulen kr 30.000, Christer Steffensen –filmprosjekt kr 30.000.

Rådmannen sitt reviderte framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 031/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur delar ut årets kulturstipend til følgjande aktørar: Tormod Haugland – forfattarstipend, kr 30.000, Linda Røyseth Sandhåland – Folkemusikk i skulen kr 30.000, Christer Steffensen –filmprosjekt kr 30.000.

032/20: Kultur - driftstilskot – idrettslag og friluftssorganisasjonar 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar 2020, slik dei ligg føre i saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 032/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift og aktivitet i idrettslag og friluftslivsorganisasjonar 2020, slik dei ligg føre i saka

033/20: Kultur - prosjekt- og aktivitetstilskot 2020 – Idrett og friluftsliv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av prosjekt- og aktivitetstilskot 2020 – idrett og friluftsliv, slik dei ligg føre i saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 033/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av prosjekt- og aktivitetstilskot 2020 – idrett og friluftsliv, slik dei ligg føre i saka

034/20: Idrettsstipend Alver 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler idrettstipend for 2020 pålydande kr 30 000 kvar, til Anders Vik og Tommy Urhaug

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 034/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur tildeler idrettstipend for 2020 pålydande kr 30 000 kvar, til Anders Vik og Tommy Urhaug

035/20: Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver idrettsråd, slik han ligg ved saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 035/20 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 09.06.2020:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver idrettsråd, slik han ligg ved saka.

036/20: Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 036/20 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 09.06.2020:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

037/20: Tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2020, slik dei ligg føre i saka

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 037/20 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift og vedlikehald av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2020, slik dei ligg føre i saka

038/20: Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring

Rådmannen sitt **framlegg** til **vedtak:**
Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver formannskap 30.04.2020:

Behandling:

På vegne av samarbeidspartia SP,AP, KRF og H ved a.AA.Byrknes-KRF:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.
Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 046/20 Vedtak:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Ungdomsråd 02.06.2020:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert L Hansen.
UR tenkjer at dette er spennande arbeid, og vil nytta tida fram til høyringsfristen 15. juni til å komma med eit innspel til strategidokumentet.

UR- 022/20 Vedtak:

UR kjem med innspel til strategidokumentet innan 15. juni.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om strategidokumentet for Nordhordland Unesco biosfæreområde og svara på spørsmål frå medlemmane i rådet.

Leiar i rådet, Olav M. Steinsland, kom med følgjande tilleggsmerknad under Mål for biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima: *Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d. samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet. Utover det ingen merknader.

ER- 019/20 Vedtak:

Eldrerådet har følgjande merknad til Strategidokument for Nordhordland Unesco biosfæreområde:

Mål for biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima: Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d. samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Biosfæreområde, foreslått av Christel Villanger Håland, Høgre

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdier for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdier kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Fellesframlegg:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdier for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdier kan vera like viktig som

økonomiske midlar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 038/20 Vedtak:

Uttale frå OKK - 09.06.2020:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

039/20: Meldingar og orienteringar til OKK - 08.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Det vart gjeve orientering om Dagsturhytter – løypemelding v/Eirik B. Utne-kultursjef

Orientering frå Christel Villanger Haaland-H:

Skuleleiarar i Alver har tatt kontakt med henne ift tilvenningsdagar/overgangar til hausten no når dette har falt vekk ift ekstraordinær drift/korona. Christel vil difor senda ein forespørsel til administrasjonen om dei synes det er greit å formidla eit skriv med spørsmål til leiarane på skulen om kva

negative og positive erfaringar ein set att med. Dette slik at politikarane/utvalet vert orientert om situasjonen, er forbedredt og kan følgja opp til hausten.

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

OKK- 039/20 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

040/20: Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om utviklingsplanen for Vestland. Ho peika på at regionale planar betyr noko for kommunane, og det er difor viktig at Alver er engasjert i regionale planprosessar og kjem med innspel.

Eldrerådet kom ikkje med merknader.

ER- 023/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 040/20 Vedtak:

Ingen merknader.

Arkiv: FA-A0, TI-&14
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 21.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
031/20	Ungdomsråd	26.08.2020
043/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020
	Alver kommunestyre	

Tilstandsrapport skulane i Alver 2019-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skule vert tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til orientering i Ungdomsrådet, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur og Alver kommunestyre.

Saksopplysningar

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen* går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Skuleeigar skal, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd, drøfte den årlege rapporten. For Alver kommune er det kommunestyret som er politisk skuleeigar. Dei folkevalde skal difor drøfte rapporten.

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2019-2020 er vedlagt saka.

Vedlegg i saken:

21.08.2020 Tilstandsrapport for skulane i Alver 2019-2020

1433687

Arkiv: FA-B0, TI-&00
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 19.08.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
044/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020
	Alver kommunestyre	

Forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune vert vedteke med følgjande tilføyning i § 7:

Elevar frå Leiknes skule som søker og får plass ved Ostereidet ungdomsskule, får innvilga fri skuleskyss ut frå fylkeskommunale og kommunale vilkår som om det var deira nærskule.

Framlegget vert sendt til kommunestyret for endeleg vedtak.

Politisk handsaming

Saka er handsama i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020 og 28.04.2020.

Framlegget vart vedtatt sendt ut på høyring med høyringsfrist 12. juni 2020.

Saka skal til handsaming i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020 og skal avgjerast i kommunestyre 17.09.2020.

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har slått seg saman til nye Alver kommune frå 01. januar 2020. Forskrifter om opptaksområde for grunnskulane i dei tre dåverande kommunane må erstattast med nye. Rådmannen har utarbeidd framlegg til ny forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune. Framlegget til ny forskrift er heimla i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplærininga (opplæringslova) § 8-1 som gjev kommunen rett til å fastsetje forskrifter; «om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.» Den lokale forskrifta om opptaksområde, også definert som skulekretsar, skal vere ein funksjon for korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den einskilde elev i kommunen. Den skal først og fremst sikre førehandsvise for innbyggjarane i kommunen.

Forskrifta kan ikkje leggje vekt på omsyn som vil vere i strid med nærskuleprinsippet, eller opplæringslova sine formål. Forskrifta vil vere klarast om den legg vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskrifta må imidlertid også opne for å leggje vekt på subjektive forhold, der spørsmålet om nærskuleprinsippet må verte avgjort i den konkrete sak. Inndelinga i opptaksområde kan ikkje vere absolutt, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) punkt 9.4. Forskrifta om opptaksområde må også opne for vurderingar knytt til den einskilde elev.

Saka vart handsama av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020 og 28.04.2020. Utvalet vedtok 28.04.2020 å sende rådmannen sitt framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune ut på høyring. Frist for høyringsuttale vart sett til 12.06.2020.

Prosess og vurdering:

Framlegget til ny forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommunevart sendt ut til høyringsinstansane 29.04.2020. Framlegget vart sendt til samarbeidsutvala for grunnskulane og barnehagane, hovudtillitsvalde, hovudverneombod, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet. Rådmannen har fått inn 4 uttaler frå høyringsinstansane.

Eit av formåla med ei forskrift om opptaksområde er å sikre forsvarleg kapasitetsutnytting ved dei ulike skulane, og at om ein skule ikkje har kapasitet og ikkje kan byggjast ut, kan kommunen fastsetje at elevane kan sokna til ein annan skule. I uttalen frå skulemiljøutvalet ved Manger skule stiller ein spørsmål ved om dette vil kunne medføre at kommunen vel å sende elevar til andre skular for å unngå å byggje ut deira skula. I forslaget til forskrift er det ikkje foreslått endringar i opptaksområde/kringsgrensene som ikkje har nærskuleprinsippet som førande prinsipp. I tilfelle der ein skule t.d. er plassert i eit tettbebygd byområde, der gjerne skulebygningen eller bygningar i umiddelbar nærleik er freda, vil det vere vanskeleg å utvide kapasiteten ved skulen ved å byggje ut skulen. I slike tilfelle kan ein kommune fastsetje at elevane kan sokne til ein annan skule enn den skulen som er nærast. Dette er ei problemstilling ein ikkje har i Alver kommune, og det er derfor heller ikkje tatt stilling til det i forslaget til forskrift. Det er elles svært begrensa anledning til å leggje vekt på kapasitet ved fastsetjing av kringsgrenser i ein kommune.

Samarbeidsutvalet ved Manger skule viser og til at elevar som har hatt gratis skyss til nærskulen også bør få gratis skyss viss dei etter søknad får vedtak om å gå på annan skule enn nærskulen. Det er vist til at dette har vore praksis i Radøy kommune. Når ein kommune innvilgar ein søknad om å gå på annan skule enn nærskulen, er utgangspunktet at kommunen ikkje kan stille vilkår om eigenbetaling. Unntaket er om skulebyte ikkje har samband med retten til opplæring. Eksempel på dette kan vere at det er praktisk for foreldra, eller at eleven har gode vener på den andre skulen. Skal byte av skule sikre rettar etter loven, t.d. spesialundervisning eller trygt og godt skulemiljø, kan ein aldri stille slike vilkår. Kostnaden ved skyssutgifter vil bli tatt stilling til i kvart vedtak om skulebyte basert på grunnlaget for søknaden.

Samarbeidsutvalet ved Leiknes skule viser til at dei ser at noverande forskrift, der elevar frå Leiknes må søkje om å få gå på Knarvik ungdomsskule, ikkje er i tråd med regelverket. Samstundes viser dei til at sjølv om fleire i Leiknes-krinsen ønskjer å gå på ungdomsskule i Knarvik, er det og ein del heimar som ønskjer at barna deira skal gå på Ostereidet ungdomsskule. Su ved Leiknes vurderer at det for ein del elevar vil vere til det beste å kunne gå på ein mindre skule med mindre klassar, og i eit meir oversiktleg miljø. Su ønskjer at Ostereidet ungdomsskule vert eit reelt alternativ for deira elevar. Ein ber om at det vert vurdert om ein bør dekkje skysskostnader for elevar frå Leiknes som ønskjer å gå til Ostereidet ungdomsskule sjølv det då ikkje er deira nærskule. Det vert då viktig at dei som søkjer om å få gå på Ostereidet, får plass ved Ostereidet ungdomsskule.

Alle har rett til å søkje om å få gå på annan skule enn nærskulen. Det er god plass på Ostereidet då elevtalet er lite, og vil vere det i tida framover. Elevane på Leiknes har i realiteten over tid kunna velje mellom to ungdomsskular, Ostereidet og Knarvik. Rådmannen har forståing for at det for nokon er ein nærare tilhøyrigheit til Ostereidet enn Knarvik, også på grunn av at det over tid vart etablert ein praksis der elevane sokna til Ostereidet ungdomsskule sjølv om det ikkje var derira nærskule. Av den grunn vil ein foreslå at elevar frå Leiknes skule som søkjer om og får plass ved Ostereidet ungdomsskule, får innvilga fri skuleskyss ut frå fylkeskommunale og kommunale vilkår som om det var deira nærskule.

Det er og kome inn ein uttale frå innbyggjar som gjeld Åsheim krins og elevar frå Alver som går til Kaland barne- og ungdomsskule i Austrheim kommune. Uttalen er vedlagt, men er ikkje handsama vidare i dette saksframlegget. Avtalen mellom Alver og Austrheim er vidareført for inneverande skuleår og er ikkje utgreiia vidare her. Uttalen vil bli tatt med i eit eventuelt saksframlegg som gjeld dette opptaksområdet.

Samarbeidsutvaler ved Juvikstølen barnehage uttaler at dei ikkje har kommentarer til framlegget til forskrift om opptaksområde.

Samla vurdering

Nærskuleprinsippet er det førande prinsippet for forslag til ny forskrift om opptaksområde. Det er svært avgrensa høve til å leggje vekt på kapasitet når ein kommune fastset forskrift for opptaksområde/krinsgrenser. Det er og avgrensa anledning til å stille vilkår om eigenbetaling av skysskostnader om elevar etter søknad får plass ved annan skule enn nærskulen. Vilkår om eigenbetaling blir stilt, om søknad og vedtak om skulebyte ikkje er grunngjeve i rettar etter loven, som t.d. opplæring. Elevar som går på barneskulen på Leiknes vil ha Knarvik ungdomsskule som sin nærskule. Dei kan søkje om å gå på annan skule enn nærskulen. Rådmannen foreslår at det i framlegg til forskrift under § 7 blir lagt inn følgjande: *Elevar frå Leiknes skule som søker og får plass ved Ostereidet ungdomsskule, får innvilga fri skuleskyss ut frå fylkeskommunale og kommunale vilkår som om det var deira nærskule.*

Vedlagt er oversikt over noverande opptaksområde, høyringsuttalar samt framlegg til forskrift om opptaksområde. I framlegget er forslag til nytt avsnitt i § 7 lagt til.

Vedlegg i saken:

29.06.2020	Uttale til opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune	1414541
16.06.2020	Uttale høyring 12.06 (003)	1406778
12.06.2020	Høyring - forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune	1405368
04.06.2020	Høyring – forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune.	1400344
20.08.2020	Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune	1433526
20.08.2020	Kart noverande opptaksområde Alver kommune	1433527

Arkiv: Plannavn-
Kommunedelplan
for oppvekst - Alver
kommune, Komnr-
4631

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 21.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
045/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020

Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til vedtak om offentlig høyring og ettersyn planprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune, utval for oppvekst, kunnskap og kultur ,vedtek å leggje framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst ut til offentlig høyring og ettersyn.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-1 og §11-13

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Med grunnlag i utfordringsdokumentet og strategidokumentet for Alver kommune er det sett i gang planprosjekt for kommunedelplan oppvekst. For å ivareta omsynet til samordning i overordna planlegging er prosessansvaret lagt til Plan og Analyse, medan fagansvaret ligg til oppvekstsektoren sjølv.

Saksopplysningar:

Kommunedelplan for oppvekst skal utarbeidast i samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova. Første delen av prosessen er å utarbeida planprogram. Planprogrammet skal fungera som ein plan for planlegginga og i programmet skal det utgreiast kva rammene for planlegginga skal vera. Framlegg til program skal , etter at det er ferdig handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, leggest ut til offentlig høyring og ettersyn. Dette for å sikre medverknad frå innbyggjarar og offentlege mynde tidleg i planprosessen.

Alver kommune styrer no etter planverket i dei tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy. Der finnast mykje godt plangrunnlag i dei tidlegare kommunane som kan byggjast vidare på i Alver kommune. Samstundes skal ny samfunnsplanlegging for Alver kommune setje kursen for samfunnsutviklinga i den nye kommunen vår. Difor er det lagt opp til eit omfattande planarbeid der kommuneplanen sin samfunnsdel , kommunedelplanar for oppvekst og helse inngår i ein felles planprosess.

Dei delane av planprosessen som vert koordinert er særleg medverknadsdelen. Det vert eit felles prosjekt for medverknad for samfunnsdel, oppvekst og helse. Medverknaden vert organisert som eit felles prosjekt med ulike verkemiddel for dialog og kanalar for innspel. Oppvekstplanen vil så nytta aktuelle delar av det som kjem inn i fellesprosjektet. Målsettinga

er at dette medverknadsprosjektet startar 15/9-20. Metodar og innhald vert nok mogeleg annleis en vanleg grunna pandemien me er i no. Felles medverknadsprosjekt vil gje verdifulle data til utarbeidinga av planen, medan den formelle prosessen etter plan og bygningslova sikrar lovbestemt gjennomføring av planprosessen. På bakgrunn av dette er det lovpålagt å utarbeide planprogram som igjen skal leggest ut til offentleg høyring og ettersyn.

I høve til vedtak om utlegging til offentleg høyring og ettersyn har utval for oppvekst, kunnskap og kultur rolla som prosjektstyre og vedtaksmynde for prosessvedtak. Endeleg vedtak av plan skal avgjerast i Alver kommunestyre. På bakgrunn av dette vert no framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst lagt fram for vedtak om offentleg høyring og ettersyn. Rådmannen rår til at framlegg til planprogram vert lagt ut slik det ligg føre.

Vedlagt framlegg til planprogram har følgjande innhald:

1. Bakgrunn for planarbeidet
2. Føremål
3. Føringar for planarbeidet
4. Mål
5. Tema og avgrensing av innhald
6. Planprosess og medverknad
7. Framdrift

Framlegget skal leggest ut til offentleg høyring og ettersyn i minst seks veker. Etter det skal programmet eventuelt justerast i samsvar med innkomne merknader, før det på nytt vert lagt fram i utvalet for endeleg vedtak. Etter det kan arbeidet med framlegg til plan halde fram.

Vedlegg i saken:

21.08.2020 Planprogram_framlegg_v21082020

1433861

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 24.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
046/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020
	Alver kommunestyre	

Driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom sitt verksemd/aktivitet har ekstraordinær kommunal/lokal/regional verdi

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune godkjenner ordning med driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom sitt verksemd/aktivitet har ekstraordinær lokall verd.

Ordninga trer i kraft første gong i 2022, med søknadsfrist 01. mars 2021.

Det er den til ein kvar tid gjeldande budsjett som avgjer ramma for ordninga

Statuttar for tildeling av fast, kommunal driftstilskot vert vedteken slik det går fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur behandla sak om «fast tilskot til lag/organisasjonar» sak 024/20, i møte 09. juni d.å. Saka blei lagt ut på høyring.

OKK- sak 024/20, vedtak:

Sak om kommunal driftstilskot til lag/foreiningar i Alver kommune, vert lagt ut til offentleg høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Saksopplysningar:

Sak om faste til skot til lag/organisasjonar har vert på høyring 29.06. Frist blei sett til 20. august grunna sommarferie.

Det er kome inn 7 innspel ved høyringsfrist 20.08.

- Manger Musikklag v/leiar Nils-Arne Træland
- Eikanger-Bjørsvik musikklag v/Stig Ryland
- Styret stiftinga Lyngheisenteret
- Lyngheisenteret/Museumsenter i Hordaland v/Torhild Kvingedal
- Styret i Stiftinga Tjorehagen
- Vestnorsk utvandringssenter/Museumssenteret i Hordaland

- Knarvikmila/AKS 77
- Alver kulturråd

Manger musikklag – 19.08.20

Manger musikklag (MML) støtta forslag om fast kommunal driftstilskot. Dette vil gje MML ein økonomi som er føreseieleg. MML peikar vidare på at ein ikkje har fast tilhaldsstad/øvingslokale slik t.d. Eikanger-Bjørsvik musikklag har, noko som medfører ein del ekstra kostnad. MML ber om at dette blir teke omsyn til i vidare vurdering.

MML har fått fast, årleg tilskot frå Radøy kommune.

Eikanger-Bjørsvik musikklag – 20.08.20

Eikanger-Bjørsvik musikklag (EBML) støtta forslag om innføring av fast, kommunal driftstilskot til lag/organisasjonar som står fram som fyrstårn innan sitt felt.

EBML har ein omsetnad på 2,5 mill årleg. Eit fast driftstilskot vil gjere økonomien meir føreseieleg.

Styret i Stiftinga Lyngheisenteret

Styret i Stiftinga Lyngheisenteret skriv m.a. i si høyringsuttale at eit fast driftstilskot gir føreseielege rammer og bidreg til at det vert enklare å vidareutvikle seg som ein læring, kunnskap, opplevingsarena og merksemd, særleg lokalt men også nasjonalt og internasjonalt.

Lyngheisenteret/Museumssenteret i Hordaland v/avdelingsleiar Torhild Kvingedal – 17.08.20

Lyngheisenteret (LHS) synes det er eit godt tiltak at Alver kommune opnar for at viktige kulturinstitusjonar kan få moglegheit til å søkje om fast driftstilskot.

Ei kommunal driftsstøtte kan vera med på å gjera det enklare å få løyse ut midlar frå andre finansieringskjelder som krev eller har ynskje om at kommunen er inne og støttar organisasjonen.

Styret i Stiftinga Tjorehagen, 19.08.20

Det er eit viktig forslag frå den nye kommunen at kulturinstitusjonar kan få høve til å søkja om fast driftstilskot. For Tjorehagen betyr det mykje å få ei driftsstøtte årleg. Det vil kunne gje betre moglegheit for langsiktig planlegging og kommunal støtte kan vere med å gjere at ein kan få støtte gjennom andre finansieringsordningar til ulike investeringar.

Stiftinga Tjorehagen fekk innvilga driftsstøtte frå Radøy kommune i 2017, 2018 og 2019. Det var og lagt inn i budsjettet for Radøy kommune på driftstilskot på kr 50.000 pr år i støtte for 2020 og 2021.

Vestnorsk utvandringssenter / Museumssenter Hordaland – 20.08.20

For Vestnorsk utvandringssenter, MUHO, har det vore særst viktig og verdifullt å ha årleg og fast tilskot frå Radøy kommune, og er avgjerande for drifta av Utvandringssenteret. Det har gjeve oss ein stabilitet og høve for kontinuitet og langsiktig planlegging.

Knarvikmila/AKS 77 – 19.08.20

Vi i Knarvikmila vil igjen uttrykke kor viktig det er for stifting at vi mottar eit fast økonomisk driftstilskot.

Det gjev oss nødvendig forutsigbarhet for å kunne arrangere eit flott arrangement kvart år.

Alver kulturråd – 20.08.20

Alver kulturråd ønskjer ei føreseieleg og heilskapleg tilskotsordning som er enkel å handsame. Det må vere enkelt både for sækjarar, sakshandsamarar og politiske beslutningstakarar. Samstundes er det viktig at tilskotspolitikken stimulerer til rekruttering og kompetanseheving lokalt.

Ei fast tilskotsordning vil vere synleg og berekraftig kulturpolitikk. Og særskilt viktig blir dette når det gjeld faste tilskot til aktørar av nasjonal kvalitet, og jamvel aktørar med solid europeisk omdøme. Ein må ha brei og kontinuerleg debatt kring framtidige kandidatar som skal vurderast til fast tilskot.

Når det gjeld kva for lag/foreiningar i Alver kommune som kan kome inn under ordninga så meiner Alver kulturråd at Manger Musikklag, Eikanger Bjørsvik Musikklag og Knarvikmila AKS 77er gode kandidatar.

Saksutgreiinga nemner forslag på tilskot til nokre av musea i kommunen. Alver kulturråd meiner at fast tilskot til musea treng ein snarleg gjennomgang grunna talet på kulturinstitusjonar som kan vere aktuelle. Dette må sjåast i samanheng med eventuell tilskot som gjevast til aktivitetar i både Museumssenteret i Hordaland, til Museum Vest, til private og offentlege samlingar.

Alver kulturråd forstår at det er «dei frivillige fyrtårna» som er på agendaen. Men Alver kulturråd vil nemne fast tilskot til Alver kulturråd og Alver Idrettsråd som ei sak som har vore snakka om i lang tid. Støtta til kulturråd og idrettsråd bør vere ei fast løyving utanom kulturmidlane. Det vil gjere arbeidet i dei to råda meir føreseieleg. Løyvinga til dei to råda bør i utgangspunktet vere lik. Merk at dette er eit innspel som ikkje har vore til felles debatt i dei to råda.

***Kommentar:** Idrettsråd og kulturråd har denne ordninga, eller tilsvarende opplegg, nemnd i avtalane sine. Vi har allereie forplikta oss til årleg tilskot der, og desse kan forvaltast innan denne ordninga*

Vurdering

Dei som har respondert med høyringsuttale, trekk fram behov for stabilitet, kontinuitet, langsiktig planlegging og føreseielege rammer.

Nokre trekk fram at ei kommunal driftsstøtte kan vera med på å gjera det enklare å få løyse ut midlar frå andre finansieringskjelder som krev eller har ynskje om at kommunen er inne og støttar organisasjonen.

Strategisk planarbeid vil vere viktig for å oppnå gode resultat i dette arbeid, slik at politiske prioriteringar kjem fram gjennom støtteordninga.

Statuttar for Driftstilskot til lag, organisasjonar og institusjonar som gjennom sitt verksemd/aktivitet har ekstraordinær kommunal/lokal/regional verd

Alver kommune lyser ut midlar til driftstilskot til verksemdar innan kultur og idrettsfeltet som har ei monaleg verdi for kulturlivet i kommunen/regionen, som inneber Alver kommune lyser ut midlar til driftstilskot til verksemdar innan kultur og idrettsfeltet som inneber kommunefemnande/regional aktivitet og/eller verdi.

Søknadsfristen er 01. mars. Saka skal behandlast i arbeid med økonomiplan.

Tilskotsordninga gjeld driftstilskot for 2022 og vidare, og tildelingane vert avgjort i økonomiplan og budsjettvedtak i 2021.

Tilskot til drift er kommunen sitt viktigaste bidrag til finansieringa av kulturlivet og skal såleis fremje eit aktivt og allsidig kunst- og kulturliv i Alver. Kvar tildeling skal grunngjevast med klar forankring i dei lokale politiske målsettingane på kulturområdet. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og tilgjengeleg, både internt og for allmenta.

Kven kan søke

Aktørar innan kunst-, kultur-, friluft- og idrettsfeltet i Alver kommune. Dette gjeld også dei som har hovudkontor eit anna stad enn i Alver, men som driv sin verksemd i kommunen. Verksemda skal vere ideell (ikkje-kommersiell), ha eit tydeleg føremål innan kunst, kultur og idrett og ha sterk verdi, det vil seie verdi for heile eller større deler av Alver kommune/Vestland.

Kva kan ein få støtte til

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Det er knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar og grunngjeve ut frå dei politiske målsettingane på feltet.

Tilskotet har eit langsiktig, strategisk preg og går som hovudregel til varige føremål. I dette ligg at verksemda har ei tyding for kulturlivet, som inneber at Alver kommune – ut frå vedtekne kulturpolitiske målsettingar – bør medverke økonomisk til drifta.

Kommunalt driftstilskot vil først og fremst rette seg mot kommunefemnande verksemdar/aktørar. Dette omhandlar verksemdar/aktørar både innan det frivillige og profesjonelle kultur- og idrettsfeltet.

Rapportering

Lag/organisasjonar og institusjonar som mottok driftstilskot, skal rapportere på drifta i påfølgjande år etter dei har mottoke støtte, og innan 01. mars. Ved rapporten skal det ligge føre godkjend årsmelding og rekneskap.

Om ikkje rapport blir levert, vil ein ikkje bli vurdert til vidare tilskot.

Vedlegg i saken:

21.08.2020	Høyringsuttale Alver Kulturråd	1434035
21.08.2020	Høyringsuttale Knarvikmila AKS 77	1434037
21.08.2020	Høyringsuttale Eikanger Bjørsvik musikklag	1434036
21.08.2020	Høyringsuttale Lyngheisenteret Museumssenter i Hordland	1434038
21.08.2020	Høyringsuttale Manger musikklag	1434039
21.08.2020	Høyringsuttale Stiftinga Tjorehagen	1434040
21.08.2020	Høyringsuttale styret i Stiftinga Lyngheisenteret	1434041
21.08.2020	Høyringsuttale vestnorsk utvandringssenter	1434042

Museumssenter Hordaland

Arkiv: FA-C0, FE-223
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 24.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
047/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020

HØYRING - Prisar til kultur, idrett og frivillighet i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner at sak om prisar til kultur, idrett og frivillig innsats vert lagt på høyring. Høyringsfrist vert sett til fire veker

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune må ta stilling til om ein skal ha deie ut ein form for anerkjening til dei som utmerker seg innan kultur, idrett og frivillighet.

Dei tre kommunane, Radøy, Meland og Lindås, hadde ulik praksis på tildeling av prisar.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommune må ta stilling til om ein skal ha deie ut ein form for anerkjening til dei som utmerker seg innan kultur, idrett og frivillighet.

Dei tre kommunane, Radøy, Meland og Lindås, hadde ulik praksis på tildeling av prisar.

Kommune	Kulturpris	Idrettspris	Frivillighetspris	Anna
Radøy kommune	Delt ut kvart år	Deilt ut annakvart år	Kvart år	
Meland kommune	Delt ut kvart 4. år			Kulturrosa delt ut kvart år
Lindås kommune	Delt ut kvart år	Lindås idrettsråd deilte ut idrettsstipend	Frivilligsentralen deilte ut Frivilligpris	Lindås kulturråd deilte ut inspirasjonspris. Lindås idrettsråd deilte ut idrettsstipend

Administrasjonen har sett på korleis andre kommunar organiserer sine prisar. Vi har sett på nokre eksempel frå kommunar vurdert ut få geografi og kommunar som har vore nominert til kulturkommune av organisasjonen Norsk Kulturforum og/eller har hatt høg plassering på

Telemarkforskning si rangering på Kulturbarometeret 2018. Norsk kulturindeks (kulturbarometer) er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar, regionar og fylker.

Røros kommune har toppa kulturbarometeret dei siste 6 år, saman med kommunane Ål, Nordre Aurdal, Lillehammer, Hamar og Gloppen. Alle kommunane delar ut kulturpris. Berre ein av kommunane delar ut eige pris frivillighetspris, mens ingen av dei har idrettspris. Fire av kommunane har kulturstipend. Av desse er to av prisane retta mot unge – 15-24 år. Berre ein kommune har eige idrettsstipend.

Saksopplysninger

Kvifor prisar?

Kvar dag blir det lagt ned stor innsats av frivilligheit i Alver kommune. Idrett, song/musikk, ungdomsarbeid, friluftsliv og kulturminnearbeid er eksempel på noko av det mange lag/organisasjon og einskildpersonar arbeider for, til beste for m.a. barn og unge.

Frivilligheit Norge sine undersøkingar viser at frivillig arbeid bidrog med ei verdskaping tilsvarande 75,7 milliardar kroner i 2017 (SSBs satellittrekneskap for frivillig sektor 2019).

Ein slik innsats bør anerkjennast. Prisutdeling er ein måte for Alver kommune å vise ei slik anerkjenning på. Tilskotsmidlar kan vere ein annan.

Kulturpris

Ein kulturpris skal vere ein inspirasjon for einskildpersonar, lag og organisasjonar innan kulturfeltet. Prisen skal vere ei oppmuntring til arbeid vidare, og ei verdsetting av personar og lag som har gjort ein framifrå innsats for kulturlivet i Alver kommune.

Idrettspris

Som kulturprisen skal ein idrettspris vere ein inspirasjon, for utøvarar, trenarar og eldsjeler. Prisen skal vere ei oppmuntring til og verdsetting av personar og lag som har gjort ein framifrå innsats for idretten i Alver kommune.

Frivilligpris

Ein frivilligpris kan romme meir enn berre kultur og idrett. Ein frivilligpris kan gå til ein person eller ei gruppe som har gjort ein særskild frivillig innsats over fleire år, uavhengig av om det er innanfor kultur, idrett, helse eller andre område i samfunnet.

FN har markert 5. desember som den internasjonale dagen for frivilligheit, for å markere verdien det har i samfunnet. Dagen har vore markert i Radøy, Meland og Lindås tidlegare, og vil bli markert med ulike arrangement i Alver i åra framover.

Stipend

Gjennom tilskotsmidlane deler Alver kommune ut inntil 3 kulturstipend og 3 idrettsstipend årleg.

Må ein vere busett i Alver?

Spørsmål om bustadadresse kjem ofte opp i samband med prisar. Nokon vil meine at det er heilt nødvendig at berre aktørar busett i den aktuelle kommunen kan vere aktuelle for å ta i mot ein pris: Det er viktig å anerkjenne dei som kvar dag engasjerer seg i ulike aktivitetar i Alver kommune, til beste for fellesskapet. Andre igjen vil sjå på korleis ein høyrer til kommunen, sjølv om ein ikkje fysisk bur i kommunen. Døme på dette kan vere ein aktør busett i ein annan kommune, men som driv aktivitet i Alver, eller ein aktør som bur i ein annan kommune, men som har vakse opp i Alver. Kjende skodespelarar, musikarar, forfattarar og idrettsutøvarar med opphav i Alver kan vere døme på dette.

Rangere prisane

Å få ei anerkjenning frå eigen heimkommune vil av dei fleste bli oppfatta som ei ære. Det er difor vanskeleg å rangere ein pris framfor ein annan.

Her kan også synet på prisane vere delt. Nokon vil meine at prisane må vere likeverdige, då alt frivillig arbeid skal vurderast likt. Andre igjen vil kunne meine at kulturpris og idrettspris må vere dei høgaste utmerkingane ein kan få.

Om ein vel ordninga der kulturpris og idrettspris er dei høgast rangerte prisane innan kultur- og idrett, må ein ta stilling til om

1. ein skal ha frivilligpris og
2. kva status denne skal ha

Om ein skal ha ein frivilligpris må ein ta stilling til om det er mogeleg å seinare bli vurdert til kultur- eller idrettspris. Kan ein få frivilligprisen i Alver kommune etter ein t.d har fått kultur- eller idrettsprisen.

STATUTTAR FOR KULTURPRIS I ALVER KOMMUNE

Alver kommune kan kvart år dele ut kulturpris. Prisen skal gå til einskildperson, lag eller organisasjon som har gjort ein særskilt innsats innan kulturarbeid, til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

§1. Alver kommune sin kulturpris vert delt ut ein gong pr. år.

§2. Formålet med kulturprisen er å anerkjenne aktiv innsats innan kulturlivet i kommunen eller bidrag til å gjere Alver kommune kjend elles i landet på eit kulturelt plan.

§3. Einskildpersonar, lag og organisasjonar busett i og utanfor kommunen kan bli vurdert ved tildeling av kulturpris. Alle greiner innan kulturlivet blir rekna som jamngode: Song, musikk, dikting, drama, biletkunst og anna kulturell aktivitet.

§4 Kulturprisen gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Beløpet kan unntaksvis bli delt på fleire kandidatar.

§5. Utlysing av kulturprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid.

§6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag til kandidatar til Kulturprisen. Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.

Forslag må vere kommunen i hende innan 01.november.

§7. Ein komité samansett av tre representantar utgjer jury for kulturpris

- Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur
- Ein representant frå Alver idrettsråd
- Ein representant frå Alver kulturråd

Ein representant frå kulturadministrasjon er sekretær for juryen.

Kulturprisen vert delt ut av ordførar.

§8. Kulturprisen er sett saman av eit diplom og eit pengebeløp.

STATUTTAR FOR IDRETTSPRIS I ALVER KOMMUNE

Alver kommune kan kvart år dele ut idrettspris. Prisen skal gå til einskildperson, lag eller organisasjon som har gjort ein særskilt innsats innan idrett, til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

§1. Alver kommune sin idrettspris vert tildelt ein gong pr. år.

§2. Formålet med idrettsprisen er å anerkjenne aktiv innsats innan idrett i kommunen eller bidrag til å gjere Alver kommune kjend elles i landet gjennom idrettsrelatert aktivitet..

§3 Einskildpersonar, lag og organisasjonar busett i og utanfor kommunen kan bli vurdert ved tildeling av idrettspris. Alle greiner innan idretten blir rekna som jamgode.

§4 Idrettsprisen kan gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Beløpet kan unntaksvis bli delt på fleire kandidatar.

§5. Utlysing av idrettsprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid.

§6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag til kandidatar til idrettsprisen. Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.

Forslag må vere kommunen i hende innan 01. november.

§7. Ein komité samansett av tre representantar utgjer jury for idrettspris

- Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur
- Ein representant frå Alver idrettsråd
- Ein representant frå Alver kulturråd

Ein representant frå kulturadministrasjon er sekretær for juryen.

Idrettsprisen vert delt ut av ordførar.

§8. Idrettsprisen er sett saman av eit diplom og eit pengebeløp.

STATUTTAR FOR FRIVILLIGHEITSPRISEN I ALVER KOMMUNE

Alver kommune kan kvart år dele ut ein frivilligheitspris. Prisen skal delast ut til einskildpersonar eller lag/organisasjonar som har utført ein særleg frivillig innsats og engasjement innan kultur, idrett, humanitært arbeid eller helse, til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

§ 1 . Alver kommune sin frivilligpris vert delt ut ein gong pr. år.

§2. Formålet med prisen er å markere og synleggjere frivillige og frivillig innsats innan kultur,

idrett, humanitært arbeid eller helse, og å fremje frivillig engasjement.

§3. Lag/organisasjonar eller einskildpersonar som får tildelt frivilligpris skal ha tilknytting til Alver kommune, og ha sitt verke i kommunen.

§4. Frivilligprisen kan gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Beløpet kan unntaksvis fordelast på fleire kandidatar.

§5. Utlysing av frivilligprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid.

§6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag på kandidatar til frivilligprisen. Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.

Forslag må vere kommunen i hende innan 01. november.

§7. Ein komité skal vere samansatt av tre representantar utgjer jury for frivilligpris

- Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur
- Ein representant frå Alver idrettsråd
- Ein representant frå Alver kulturråd

Ein representant frå frivilligsentralen er sekretær for jury.

Frivilligprisen vert delt ut av ordførar i samband med FN sin internasjonale frivilligdag. 5.

desember kvart år, eller ved eit høveleg arrangement tilknytt denne.

§8. Frivilligprisen er sett saman av eit diplom og eit pengebeløp.

Arkiv: FE-140, FA-D11
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 24.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
030/20	Eldreråd	31.08.2020
048/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020
030/20	Ungdomsråd	26.08.2020
	Alver kommunestyre	
031/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020

Rullering Anleggsstrategi for Alver 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien for 2021, slik ho ligg føre i vurderinga.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommunestyre godkjente i KS-045/19 Anleggsstrategi for Alver 2020-2024. Anleggsstrategien er utarbeidd som del av bygginga av nye Alver kommune. Arbeidet har vore organisert som eit fagprosjekt med administrativ styring, og er ei samordning og vidareføring av idrettsplanane for dei tre gamle kommunane. Strategien gjeld fram til ny kommunedelplan for feltet er ferdig handsama.

Saksopplysningar

Rulleringa er ei oppdatering etter faktisk tilhøve gjeldande anleggsutviklinga og forventa spelemiddelsøknadar fram til 2024. Tiltaka i handlingsplanen er forankra i dei gamle idrettsplanane i dei tre tidlegare kommunane, samt mindre oppdateringar i arbeidet med anleggsstrategien. Gjennomførte tiltak, som har fått utbetalt spelemidlar, er teke ut av handlingsplanen. Alver idrettsråd har fått rulleringa til uttale, jf. Samarbeidsavtalen.

Vurdering

Følgjande er Alver kommune si prioritering for ordinære anlegg og friluftslivsanlegg for 2021

P ri	Anlegg	Stad	Tiltaks-havar	Søknad s-sum	1. søkna ds-år	Merknad
1	Driving range, oppgradering, takoverbygg	Meland Golf og Naturpark, Fløksand	Meland golf	700 000	2019	Ferdigstilt

	med øvingsområde					
2	Garderobebygging	Austmarka	Radøy Idrettslag	1 827 000	2019	Under bygging
3	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag	765 000	2019	Under bygging
4	15 meter miniatyrbane	Seim	Seim skyttarlag	1 800 000	2019	Planlegging
5	Knarvik Arena – fleirbrukshall	Knarvik	Alver kommune	12 400 000	2018	Ferdigstilt/ del-utbetalt (2 000 000)
6	Kunstgrasbane III, med halloverbygg, garderobar + lager	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	5 000 000+ 1 000 000	2020	Ferdigstilt
7	Rehabilitering av grasbane	Hordabø	Hordabø IL	135 000	2020	Under bygging
8	Hus for drift og materiell	Hordabø	Hordabø IL	848 000	2020	Under bygging
9	Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2 360 000	2020	Ferdigstilt
10	Standplass	Lindås	Lindås skyttarlag		2021-2024	Planlegging
11	Klubbhus	Lindås	Lindås skyttarlag		2021-2024	Planlegging
12	Garderobar/klubb-hus	Grønålen, Manger	Radøy fotball-klubb		2021-2024	Planlegging
13	Rehabilitering kunstgrasbane 11'ar	Knarvik stadion	Alver kommune		2021-2024	Planlegging
14	Kunstgrasbane 9'ar	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL		2021	Under bygging
15	Basishall /turn	Alversund	Alver kommune	4 000 000	2020	Under bygging
16	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	10 500 000	2020	Under bygging
17	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	60 000	2020	Ferdigstilt
18	Lyssett turveg	Manger	Alver kommune		2021	Ferdigstilt
19	Lyssett turveg	Fosse/Langeland	Alver kommune		2021	Planlegging
20	Tursti, tilrettelegging	Solend	Alver kommune		2021	Planlegging
21	Klubbhus	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag	1 705 000	2020	Planlegging
22	Rehabilitering basseng og bygningsmasse	Radøy-hallen	Alver kommune	283 000	2020	Under bygging
23	Turløype, merking	Kvalvåg-nes	Alver kommune		2021	Planlegging

2 4	Lyssett turløype	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 5	Sti	Håøy	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
2 6	Dagsturhytte BOF	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 7	Gapahuk	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 8	Turpadleanlegg	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 9	Andre friluftsanlegg	Samordna	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
3 0	Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	300 000	2020	Ferdigstilt
3 1	Aktivitetssal	Sagstad skule	Alver kommune	1 049 000	2020	Ferdigstilt
3 2	Dagsturhytte	tidlegare Meland	Alver kommune		2021	Planleggin g
3 3	Dagsturhytte	tidlegare Radøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
3 4	Dagsturhytte	tidlegare Lindås	Alver kommune		2021	Planleggin g
	Div. anlegg	Meland golf	Meland golf		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbruksanlegg	Kvernhus-vika	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbruksanlegg	Litlevågen	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Turkart/kort padling	Lindås	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Turkart/kort padling	Hestdal	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Tilrettelegging sti/skjerpatrapp	Eldsfjellet	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Tilrettelegging sti/boardwalk	Byngja	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Merking	Leirvik	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Sjøsportsanlegg	Flatøy	Fleire		2021- 2024	Planleggin g
	Skytebane innandørs	Espetveit	Meland skyttarlag		2021- 2024	Planleggin g
	Turkart/aktivitets kart	Frekhaug	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbrukshall/basi shall	Fossemyra Idretts-anlegg, Frekhaug	IL Kvernbit/Mel and aktiv		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbrukshall/basi shall	Frekhaug	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Symjebasseng, skule	Frekhaug	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Permanent feltpistolanellegg	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		2021- 2024	Planleggin g
	Klubbhus	Hordabø	Hordabø IL		2021- 2024	Planleggin g
	Symje/badeanl	Knarvik	Alver		2021-	Planleggin

egg Fleirbruksanlegg	Ostereidet	kommune Alver kommune		2024 Langti ds- plan	g
Kunstgrasbane II	Leirdalen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Løpebane utviding	Leirdalen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Lyssett turveg	Vikebø/ Skintveit	Alver kommune		Langti ds- plan	
Ulike anlegg	Fossemyra Idretts-anlegg	IL Kvernbit		Langti ds- plan	
Klatrehall	Hordabø-hallen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Friddrettsanlegg	Hordabø	Alver kommune		Langti ds- plan	
Minianlegg for friidrett	Grønålen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Klatrevegg	Radøy-hallen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Lager i knytt til fotballbane	Skogen Sletta	Radøy fotball-klubb		Langti ds- plan	
50 meter miniatyrbane med støydempa standplassbygg	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
50 meter miniatyr viltmålbane	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Leirduebane jegertrap med støydempa standplass	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Kompakt sportingbane for leirduemed overbygd standplass	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Permanent løype for jaktfeltskyting med fleksible standplassar	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Viltmål/elgban e med støydempa standplassar	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	

	Lyssett turveg	Lindås	Alver kommune		Langtidsplan	
	Turpadleanlegg	Lindås	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Seim	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Alversund	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Ostereidet	Alver kommune		Langtidsplan	
	Symjebasseng	Alversund	Alver kommune		Langtidsplan	
	Rehabilitering friidrettsbane	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Idrettshus Knarvik	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Rehabilitering kunstgras	Ostereidet	Alver kommune		Langtidsplan	
	Kunstgrasbane III	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Kunstgrasbane	Alversund	Alver kommune		Langtidsplan	
	Kasteanlegg	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Rehabilitering kunstgras 7'ar	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Ishall	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	

Følgjande er Alver kommune si prioritering for nærmiljøanlegg

Pri .	Anlegg	Stad	Tiltaks-havar	Søknads-sum	1.søknads-år	Merknad
1	BMX-bane	Alversund skule	Alver kommune	300 000	2020	Under bygging
2	Bordtennisbord	Alversund skule	Alver kommune	45 000	2020	Under bygging
3	Ballbinge	Sæbø skule	Alver kommune	110 000	2020	
4	Aktivitets-område	Austebygd skule	Alver kommune	169 000	2020	Ferdigstilt
5	Hinderløype	Leiknes skule	Alver kommune	300 000	2020	Planlegging

6	Sykkelbane	Leiknes skule	Alver kommune	300 000	2020	Planlegging
7	Fleiraktivitets-område	Eikanger skule	Alver kommune	46 000	2020	Planlegging
8	Klatrevegg	Eikanger skule	Alver kommune	76 000	2020	Planlegging
9	Aktivitets-område	Alversund skule	Alver kommune	266 000	2020	Underbygging
10	Ballbinge – rehabilitering	Hella	Hella velforening		2021	Planlegging
11	Baderampe	Nesvatnet	BOF		2021	Ferdigstilt
12	Minibane kunstgras	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
13	Pumptrack	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
14	Buldrestein	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
15	Utandørs trenings-apparat	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
16	Lysanlegg aktivitets-område	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
17	Ballbinge	Mjåtveitmarka	Mjåtveitmarka velforening		2021-2024	Planlegging
18	Ballbinge rehabilitering	Heiane	Heiane velforening		2021-2024	Planlegging
19	Tursti Manger-Tusenårsstaden -Nøttveitveten-Nøttveit	Manger etc.	Alver kommune		2021-2024	Planlegging
20	Aktivitetsanlegg nærsentra	Samordna	Alver kommune		2021-2024	
21	Uteområde skule og nærmiljø	Samordna	Alver kommune		2021-2024	
22	Friluftsanlegg	Samordna	Alver kommune		2021-2024	
23	Aktivitetsflate	Fossemyra			2021-2024	
24	Ballbinge	Toska			2021-2024	
25	BMX-bane	Hordabø			2021-2024	
26	Ballbane rehabilitering	Kvamsvågen			2021-2024	
27	Ballbinge	Hindenes			2021-2024	
28	Frisbeegolf	Halte-johansvika	Frekhaug disk-golf-klubb		2021-2024	
	Aktivitetspark	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Nærmiljøanlegg ulike	Hope	Alver kommune		Langtidsplan	
	Trekanten	Lindås			Langtidsplan	

sykkelløype Vassuttak	Lindås	Alver kommune	n Langtidspla n
Klatreanlegg	Ryland	Alver kommune	Langtidspla n
Orienteringskar t	Meland	Alver kommune	Langtidspla n
Ballbaner rehabilitering	Samornda	Alver kommune	Langtidspla n
Frisbeegolf	Manger	Alver kommune	Langtidspla n

Tildelte spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i 2020 for Alver kommune

Ordinære anlegg 2020

Søkjær	Søknad	Tilråding
Nordhordland pistolklubb	Skytebane Stokkedalen, Pistol feltanlegg	690 000
Alver kommune	Radøyhallen fleirbrukshall, rehabilitering	1 308 000
Alver kommune	Nesvatnet nærmiljøanlegg, toalett	149 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, fotballhall	600 000
Alver kommune	Knarvik Arena, klatrehall	3 000 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, delanlegg friidrett	276 000
Alver kommune	Knarvik Arena	2 000 000
		8 023 000

Nærmiljøanlegg 2020

Søkjær	Søknad	Tilråding
Alver kommune	Knarvik barneskule, streetbasket	289 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, skating og sykling	300 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg skate- og sykkelområde	53 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg nærmiljø vestsida	300 000
Alver kommune	Frekhaug torg, aktivitetsområde	300 000
Alver kommune	Meieriparken	266 000
Alver kommune	Sagstad skule, parkour/klatring/trimpark	89 000
Alver kommune	Sagstad skule, fleirbruksanlegg	241 000
Alver kommune	Alversund, minibane multisport	300 000
Alver kommune	Alversund skule, tursti	600 000
		2 738 000

Oppsummering innspel til rullering av idrettsplan

Frå	Innspel	Kommentar
-----	---------	-----------

Nordhordland karateklubb	Kampsportlokale	Rom til bruk for kampsport er bygd i Knarvik Arena. Spelemiddelsøknad ligg fortsatt i rulleringslista fordi den er delutbetalt.
Radøy skyttarlag	Manglande klubbhus	Sende inn innspel om manglande klubbhus i lista, men fekk svar frå idrettsrådet med at den ligg inne i lista med eit anna namn på lokalet.
IL Kvernbit	- Sjøsportanlegg i Skitnedalsvika - Hallkapasitet	Begge ligg i plan for ordinære anlegg. Avhengig av reguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra.
FIL-AKS 77	Div. innspel	Ingen av tiltak er tatt inn i planen. Hovudsakleg fordi dei med den informasjonen me har no ikkje er kan få tilskot. Nokre av innspela er likevel i prosess i regi av FIL-AKS 77. Dette gjeld styrkerom og lysanlegg på kastebana.
Nordhordland turlag	Dagsturhytter, parkering, kart og skilting.	Kart og skilting er tatt inn på diverse stader med Alver kommune som tiltakshavar. Parkeringsplasser må inn den generelle delen idrettsplanen når denne skal lagast.
Nordhordland seilforening	Sjøsportanlegg for ikkje-motorisert sjøsport i Flatøyosen	Avhengig av reguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra.
Nordhordland skeiseklubb	Skeisehall	Ligg i lista for ordinære anlegg
Nordhordland ballklubb	Rehabilitering av kunstgrasdekke	Er tatt inn i lista for ordinære anlegg. Sjå også tilstandsrapport frå NFF Hordaland (fotballkretsen).
Alver Idrettsråd	- Innspel om å prioritere rehabilitering/oppgradering av anlegga på Knarvik stadion. - Avklaring anlegg Manger idrettslag - Ber om oppfølging av kampsportromsak for å finne løysning. - Støtter nye anlegg Meland golf, Nordre Holsnøy.	- Kunstgras 11' ar på Knarvik stadion er lagt inn i planen. -Anlegga til Manger idrettslag er definert som nærmiljøanlegg. - Er under oppfølging. - Anlegga i Leirdalen og Meland golf er lagt inn i planen.

Nordre Holsnøy IL	9'ar bane kunstgras	Lagt inn i planen.
-------------------	---------------------	--------------------

Vedlegg i saken:

24.08.2020	VS: Rehabilitering Leirdalen	1434449
24.08.2020	VS: Alver idrettsråd - referat frå styremøte 18.06.2020	1434450
24.08.2020	Innspill Anleggsplan Knarvik stadion	1434451
11.08.2020	Ekstrainnspill - Høringsinnspill Anleggsplanen Alver kommune	1429007
11.08.2020	Tilstandsrapport Knarvik kunstgress	1428710
22.06.2020	Rullering idrettspalan Alver kommune innspel	1409879
22.06.2020	Innspel - Rullering anleggsstrategi for Alver	1409849
22.06.2020	Innspel fra NT til Alver kommune reullering idrettsplanar mai 2019	1409844
19.06.2020	AKS 77 Innspill vedrørende Knarvik idrettspark - Anleggsstrategi 2020	1408759
19.06.2020	Annleggstrategi	1408747
15.06.2020	Rettelse av innspel til rullering Anleggstrategi for Alver	1406101
15.06.2020	Innspel til rullering anleggstrategi	1406079
11.06.2020	Svar frå idrettsrådet - Rullering anleggstrategi for Alver	1404682
10.06.2020	Rullering anleggsstrategi for Alver - innspel	1403615
20.05.2020	Innspel til anleggsstrategi for Alver kommune 2020-24	1395042

Arkiv: FE-033
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 25.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Alver kommunestyre	
029/20	Ungdomsråd	26.08.2020
049/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020

Årsmelding Alver Ungdomsråd 2019-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver ungdomsråd utarbeidar årsmelding til kommunestyret. Ungdomsrådet skal leggja fram årsmelding til kommunestyret 17.9

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i (Stryk det som ikkje passar) Administrasjonsutvalet, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet
Saka skal til innstilling i (Stryk det som ikkje passar) Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal avgjerast i (Stryk det som ikkje passar) Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet, Kommunestyret

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Jfr. Politisk reglement. Ungdomsrådet skal kvart år leggja fram årsmelding til kommunestyret. Då ungdomsrådet skal velje nytt råd innan 17.9, er det naturleg at avtroppande råd legg frem årsmelding i same møte.

Vedlegg i saken:

25.08.2020 Utkast - Årsmelding 2019-2020 Alver ungdomsråd 1435143



ALVER
KOMMUNE

Alver ungdomsråd

Årsmelding 2019/2020





Kva er ungdomsrådet?

Ungdomsrådet er talerøyret til ungdommane i kommunen overfor politikarar og avgjerdstakarar, og har ei rådgivande rolle for dei.

Rådet skal representera interessene til ungdom, og har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld ungdom. Dei skal ha fokus på saker på eit overordna nivå, m.a. budsjett og kommunalplanar.

Ungdomsrådet kan òg ta opp eigne saker.

Representantar 2019-2020

Medlem	Vara
Nordhordland Kristne Grunnskule	
Vegard Verthus Hundsnes	Sigrid Sagstad
Radøy ungdomsskule	
Karen Frantzen	Joar Mangerøy
Meland ungdomsskule	
Marcus Jørgenvik Skjelvik	Elisabeth Nyambura Kamau
Rosland ungdomsskule	
Bettina Tvedt	Sofie Bogen-Møll
Knarvik ungdomsskule	
Moemel Aljourani	Noah Sellevoll
Lindås ungdomsskule	
Sindre Sylta	Vanja Lauvås
Ostereidet ungdomsskule	
Tiril Dalland	Oliver Aasgard
Danielsen	
Caroline Wallem	Silja Elisa Romarheim
VGS	
Jakub Stasiak	Ingeborg Hole
Ebbe Io (Leiar)	Ling Michelle Aadahl
Chathrine Høgquist	Benedicte Hindenes
Lag og organisasjonar	
Ragna Åsheim	Lily May Farrow
Trine Toska	Benjamin Kvernberg
Edas Kondrotas (Nestleiar)	Olivia Dahl
Emma Risøy	Tobias William Meyer Bogen

Sekretær: Robert Lorang Hansen, ungdomskoordinator



Rådets arbeid

Opplæring

Ungdomsrådet starta opp med ei felles opplæring for både medlemmar og vara, over to dagar med overnatting på Bruvoll camping, 7.-8. november 2019. Ordførar, rådmann, sekretær for rådet og tidlegare medlem av ungdomsråd var med å gi opplæringa eit fagleg og relevant innhald.

Møte

Ungdomsrådet har i perioden november 2019 – august 2020 hatt 8 obligatoriske møte, rådet følgjer den politiske møteplanen for Alver kommune. Sekretær for rådet har møtt i Utvalsløarmøte for å avklare saksliste.

Dei har òg hatt 2 frivillige samlingar på eget initiativ, for å kunna arbeide med utvikling av rådet.

Skuleturnè

4. og 5. mars 2020 dro rådet på ein skuleturnè, der dei vitja alle ungdomsskulane i Alver kommune. Målet var å bli kjent med den nye kommunen vår og alle ungdomsskulane. Representantane var innom alle klassane med ein presentasjon av ungdomsrådet, og dei hadde møte med elevråd ved skulen.

Rådet hadde fram mot sommaren ein plan om mellom anna å vitja Knarvik vgs, ungdomsklubbar og andre arenaer med ungdom. Situasjonen rundt korona har melombels utsatt desse planane. Rådet anbefalar at nye representantar følgjar opp arbeidet vidare i neste periode.

Sosiale medier – profilering

Alver ungdomsråd har i perioden oppretta ein eigen side på Facebook, som vert brukt for å profilere arbeidet. Sida er òg ein kanal der ungdom, og andre, kan ta kontakt direkte med ungdomsrådet.

Særlege viktige saker i perioden

Tale- og møterett i Kommunestyret

Den fyrste saka Alver ungdomsråd tok initiativ til i perioden, var ein endring i politisk styringsstruktur og reglement. Rådet ynsket tale- og møterett i Kommunestyret, i dei saker der det ligg føre skriftleg uttale frå rådet.

Kommunestyret godkjente endringane i møte 20.2.20.

Målet til ungdomsrådet var å nytte seg av denne retten i løpet av perioden. Arbeidet og framdrifta til rådet vart, som mange andre, påverka av situasjonen kring korona-pandemien på våren.



Retningslinjer Ungdomsrådmidlane

Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til en kvar tid har på kommunebudsjettet, i 2020 kr. 200,000,-. Midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø. Som ledd i å disponere midlane etter førmeålet, utarbeida ungdomsrådet egne retningslinjer som gjer det mogleg for at ungdom kan søke om støtte frå midlane. Retningslinjene ble godkjent av Kommunestyret 14.05.2020. Ungdomsrådet ventar no på at det elektroniske søknadsskjemaet vert klart og publisert på heimesida til kommunen, slik at ordninga kan annonserast ut til aktuelle søkerar.

Alle saksorienteringar i perioden:

- 003/19 – Anleggsstrategi for Alver 2020-2024
- 004/19 – Dagsturhytter
- 005/19 – Økonomiplan 2020 – 2023
- 006/19 – Kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv
- 003/20 – Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2023 – Høyring
- 004/20 – Planstrategi for Alver kommune 2020-2023 – Høyring
- 005/20 – Politisk styringsstruktur og reglement – framlegg til endring og presisering
- 006/20 – Reglement for Alver kulturskule
- 007/20 – Vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune
- 008/20 – Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune
- 009/20 - Melding/orientering til Ungdomsrådet:
 - Områdeplan Midtmarka/Rotemyra
 - Byvekstavtalen
 - Arbeid med kommuneplan
 - Biblioteka i Alver kommune
 - Strategi- og styringsdokument planarbeid
- 012/20 – Retningslinjer Ungdomsrådmidlane
- 015/20 – Detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai – 1.gongs handsaming
- 016/20 - Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel – Varsel om oppstart og framlegg til planprogram
- 019/20 – Høringsuttale til Alkoholpolitisk plan for Alver 2020-2024
- 020/20 – Områdeplan Knarvik – Framlegg til endring – 1. gongs handsaming
- 021/20 – Særleg farleg skuleveg Meland
- 022/20 – Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområdet – høyring
- 026/20 – Dagsturhytter – plassering
- 027/20 – Forslag detaljregulering – Framo Flatøy AS – offentleg ettersyn og høyring
- 028/20 – Rammer – retningsline ferie- og fritidsreise for personar med hjelpebehov



ALVER
KOMMUNE

029/20 – Årsmelding Alver ungdomsråd 2019-2020

030/20 – Rullering anleggstrategi for Alver 2020-2024

031/20 – Tilstandsrapport skulane i Alver 2019-2020

032/20 – Utvida mandat – alternative plasseringar av omsorgsbustader pluss,
Skarsvegen

Arkiv: FE-033
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 25.08.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
050/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020

Meldingar og orienteringar til OKK - 01.09.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Orienteringar:

1. Medverknadsprosjektet for kommuneplanen sin samfunnsdel v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef